

Hamar biskop

Visitasforberedende rapport fra soknerådene i Skåbu, Kvike, Kvam og Sødorp

Rapporten er inndelt etter strategi for Kirkemøtet og Hamar bispedømmeråd.

Kyrkja for den enkelte

Reflekter omkring:

- **Gudstenesteliv:**
- Vi gjennomførte dei 115 gudstenestene i forordninga. Totalt deltakartal var noko lågare enn i 2024, og vi hadde ein markant nedgang i dåpstal. Det er viktig å peike på at fødselsraten i Nord-Fron har vorte lågare med åra. Dette påverkar talet på dåpar, og færre dåpar fører òg til lågare deltaking på gudstenester. Likevel er deltakinga relativt høg i dei minste sokna. Vi ønskjer å vurdere tidspunkt på enkelte gudstenester for å gjere dei meir tilgjengelege.
- **Kyrkjeleg undervisning og læring (inkludert samarbeid skule/kyrkje)**
- Sjå vedlagt årsmelding. Barneaktivitetane viste positiv utvikling med auke frå 199 til 245 deltakarar. Samarbeidet med barnehagar (påske- og julevandringar) og skular fungerer godt.
- **Kyrkjemusikk:**
- Har ein kyrkjemusikar i 100 % stilling, ein vakant 40 % stilling. Kyrkjemusikar tek initiativ til minikonsertar utover det som skjer i samband med kyrkjelege handlingar. Kyrkjemusikar samarbeider med musikkutøvarar på ulike nivå til både gudstenester gravferder og kulturarrangement
- Har òg «øvd» når vi har hatt opne kyrkjer for å trekkje folk til kyrkjene.
- **Opne kyrkjer:**
- Vi prøvde oss med opne kyrkjer i to av kyrkjene i haust. Besøket var lite trass i annonsering i sosiale medium.
- Kvam kyrkje og Skåbu kyrkjer er godt besøkte i sommarhalvåret, og særleg Skåbu skil seg ut med høge besøkstal. Ein god frivilligheitskultur bidreg til motiverte guider som tek imot turistar.

Kyrkja i samfunnet

Reflekter omkring:

- **Samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet:**
- Kyrkja har eit samarbeid med Elvekanten aktivitetshus om matutdelinga. Dei frivillige og engasjerte ved Elvekanten aktivitetshus hjelper kyrkja sitt matutdelingstilbod. Og brukarar på Elvekanten nyttar seg av utdelingstilbodet. Så det går begge vegar (diakoni og samarbeid).
- Kommunen støtter Nord-Fron med lokale til matutdeling i Nordre Byre 17 (samarbeid)
- Heimetenesta i kommunen har ein avtale med kyrkja om våketeneste for primært personar som er i livet sin siste fase, samd deira pårørande (diakoni)
- Nord-Fron bibliotek og *Kyrkjeleg undervisning og læring* har eit samarbeid om 4-årssamling på våren.
- Nord-Fron frivilligsentral og Kyrkja samarbeidet om lesevenordning på Sundeheim bo- og treningssenter (diakoni og samarbeid)
- Kyrkjene blir nytta av andre lokale aktørar til konsertar, lokale artistar, musikklinja på Vinstra vidaregåande m.m.
- **Diakoni:**
- Sjå vedlagt årsmelding. Matutdelinga og den nyoppførte våketenesta er viktige tiltak som møter reelle behov i lokalsamfunnet.
- I tillegg er det utarbeid ein diakoniplan som er vedlagt.

Kyrkja som organisasjon

Reflekter omkring:

- **Strategisk arbeid i soknerådet:**
- Her er det gjennomført ein strategiprosess med kvart av dei fire sokneråda. Dette er gjort av diakon og sokneprest i samband med arbeidet med Kyrkja vår. Ein noko uvand arbeidsmåte for både sokneråda og administrasjonen, men mange gode tankar og innspel kom fram i prosessen.
- **Bruk av «Kyrkja vår»:**
- Det har vore litt tungt å kome i gang med dette tidlegare. Men med hjelp frå diakon og sokneprest – og ein god informasjonsprosess i forkant – blei det ein involverande og god prosess for sokneråda. Alle sokneråda har teke i bruk Kyrkja vår der dei har lagt inn satsingar, aktivitetar m.m. Tanken er at dette blir et godt verktøy for påminning og godt styringsverktøy for soknerådene.
- **Frivillig arbeid:**
- Det blir nytta frivillige som tekstlesarar, innanfor aktivitetar som matutdelingstilbodet, våketenesta, dugnader og mykje meir. MEN vi ønskjer oss fleire frivillige og planlegg å prøve oss på meir rekruttering. Her kan frivillig.no vere eit godt verktøy.

Henviser i tillegg til Kirka Vår for det enkelte sokn. Skulle biskopen her ikke ha tilgang så meld tilbake så tar vi det ut og sender over.

Sign
Soknerådsleiar i
Kvikne
Skåbu
Kvam
Sørdorp

Sokneprest